

Brev til Barbara

Desse breva blei skrivne under den andre verdskrigen.

Leo Meter skreiv til dottera si Barbara mens han var i fangenskap og jobba som soldat. Dessverre døydde han før han kom heim til vesle Barbara.



25. juli 1943

Kjære Vesla

Eg veit ikkje kva eg skal fortelje, men eg vil skrive likevel. Eg gler meg over at du om nokre dagar kan halde brevet i handa. Tenk kva dette brevet har opplevd før du får det. Når eg er ferdig med det, puttar eg det i postkassen. Om kvelden blir alle breva frå postkassen samla, og alle blir lagde i ein stor sekk. Sekken blir teken med til jernbanestasjonen og køyrer med toget til neste by. Der kjem mange andre tog med mange andre sekker med brev. Alle blir lasta inn på eit nytt tog og køyrde veldig fort langt av garde, heilt til Amsterdam. Mange kjem til å undersøkje det og sjekke kva som står i det. Om alt går greitt, blir det lagt i ein kasse det står ZUID på. Så kjem postbodet og hentar det, og ber det til huset vårt og legg det i postkassen. Der finn Barbara brevet! Historia om brevet har no blitt så lang at eg ikkje har plass til å fortelje om regnet som siler ned kvar einaste dag. Men når eg kjem til deg, må sola skine. For då vil eg gå tur med deg igjen.

Din klissvåte pappaleo



Onsdag 27. september 1943

Mitt kjære vesle Babelabarn

I går fekk eg brevet frå deg. Elisabeth har skrive ned det du sa, ikkje sant? Det blei eit veldig fint brev, og det gjorde meg veldig glad.

Eg kan dessverre ikkje kjøpe leiker til deg, for det finst ingen leiker å kjøpe her. Men eg har kjøpt eit halsband til deg. Eg har sendt det til deg i ein liten pakke.

Du spør om eg kan teikne meg sjølv i neste brev. Det er veldig vanskeleg. Men eg har teikna noko som eg eigentleg ville ta vekk, men det gjekk ikkje. Så no får Leo stå der, slik som han ikkje ser ut.

No er brevet fullt igjen. Eg har akkurat plass til å sende deg mange helsingar og kyssar. Du får gi nokre av dei til mamma.

Kjære vesle jenta mi, tusen kyssar frå din

Leopold August Longin Meter

Oppgåver:

Sjå Elevbok 5A side 199.

Gjer oppgåvene 5, 6, 7a, 7b, 8 og 9.